

Vår 2014 2.utkast	r-610	j	g	Det første språket du lærte. Norsk
		x		

Tida mi ved N1 Skule

No er det få veker til vi er ferdig her på N1 Skule, og no skal eg fortelje deg litt om dei 7 åra mine her på N1 Skule.

Eg huskar ikkje korleis første skuledag var, men eg hugsar at det var mamma som var med meg. Vi hadde F1 som lærar i 1. og 2. klasse. Da vi begynte med lekse hugsar eg at det var veldig enkel lekse, og da synest eg det var litt kledeleg. Eg leikte nesten berre med gitar.

I 2. klasse fekk vi ein ny jente i klassen som heiter F2. Ho var ei kjekk og snill jente. Det var bare ei jente som kjende ho frå før av og det var F3. Eg minnst at vi skulle ta sprøyte i 2. klasse, og det var mange som grua seg. Eg syntest det gjekk heilt fint og ta sprøyte. Vi lagde og ein film med påskekrim og detektivar.

I 3.klasse hugsar eg at vi hadde fått ein ny lærar og ho skulle vi ha til og med i 4.klasse. Det var F4. Ho var ganske snill, men ho snakka litt sakte og mykje. I tredje klasse begynte vi å få litt meir lekse og den lekse var litt vanskelegare enn den vi hadde i 1.klasse.

Det var i 4.klasse eg begynte å vere litt med jentene i klassen, eg var mest med F3 da. Det kom og ein ny gut i klassen vår. Det var M1. Han var veldig sjenert, men når han først hadde blitt kjend med folk blei han liksom den kulaste i klassen. Og så kom det ein ny jente i klassen vår, F5. Alle krangla om å vere med F5, men til slutt vart det eg og F3 som begynte å vere saman med ho.

Da vi begynte i 5.klasse fekk vi ein ny kontaktlærar igjen. Det var M2, og han skulle vi ha som lærar fram til 7.klasse. Dei fleste synest M2 såg litt skummel ut, men han var ganske snill. Han har vi som lærar i dag.

Vi reiste på ein overnattingstur i 6.klasse. Vi skulle sove i ein lavvo ovanfor skulen. Men det som var dumt var at min mamma måtte vere med. Eg skulle ønskje det var ein anna mor som måtte vere med, og ikkje mi mor. Seinare det året reiste vi til S1 på ei hytte med klassen, og der var vi i 3 dagar. Her var vi saman med 4 studentar som lærte oss om skredfare og skredsøking. Det var kjempe gøy der, men det var dumt at F3 ikkje kunne vere med, ho vart sjuk.

Det siste året vårt på N1 Skule slutta M1 og M3 i klassen vår. M3 begynte på ein Skule nede i S2, og M1 flytta til S3. I begynnelsen av det året reiste vi til S4 på leirskule. Det var noko av det gøyaste og kjekkaste eg hadde vore med på gjennom alle desse åra her på N1 Skule. Vi lærte mykje om fiskar som var der, og om N2. I 7.klasse lagde vi også ein film om korleis grunnlova vart til og viste den på fellessamlinga for alle foreldra.

Eg kommer til og savne N1 Skule. Det eg kommer til og savne mest her ved N1 Skule er klassen min og den kjempe snille læraren min.

Eg gruer meg litt til å begynne på N3 ungdomskule. Det eg gruar meg mest til er karakterar og mykje meir lekse. Men eg gleder meg til å møte andre elevar som eg skal gå i klasse med, og få mange nye venner.